

Interkommunalt planutval (IKPU) - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Møte: 16
Tid: Fredag 22.09.2023 - kl. 09.00 – 10.00
Stad: Teams

Til stades:

IKPU:	Hallvard Oppedal (Gulen) - møteleiar, Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Karstein Totland (Masfjorden), Lars Fjeldstad (Osterøy),
Arbeidsgruppa	
Andre:	Hans Kristian Dolmen, Kristin Nåmdal, Bent Gunnar Næss (BG)
Referent	Bent Gunnar Næss
Forfall	Anne Grete Eide (Alver), Kjetil Eikefet (Modalen), Hege Eide Vik (Vaksdal)

Sak 25/23	<p>Godkjenning – saksliste og innkalling</p> <p>Vedtak: Det var ingen merknad til saksliste og innkalling.</p>
Sak 26/23	<p>Godkjenning av referat frå førre møte</p> <p>Vedtak: Det var ingen merknad til referatet.</p>
Sak 27/23	<p>Planforslag 3 gongs høyring (3GH) og førebuing av meklings møte med Statsforvaltaren – oppfølging av sak 23/23</p> <p>Statsforvaltaren (SF) gav 01.09.2023 ein samordna uttale med motsegn til 3GH. Etter uttalen frå statsforvaltaren har det vore dialog mellom SF og sekretariatet. Uttalet frå SF er også drøfta i arbeidsgruppa. Med bakgrunn i dette var det sendt over utkast til føresegns til SF 11.09.23. SF sendte 19.09.23 eit notat med tilbakemelding på utkast til føresegns (sjå vedlegg). Dette vart drøfta i IKPU 20.09.23 og dei konklusjonane som da forelå vart oversendt til SF.</p> <p>SF presiserte i epost 21.09.23 følgjande;</p> <p><i>«Utover denne kommunedelplanen for sjøarealene gjelder kommuneplanen i den enkelte kommune. Det er der disse bestemmelsene om tiltak hører hjemme. Vi oppfatter også at innholdet er hentet fra gjeldende kommuneplaner i den enkelte kommune. Disse vil selvfølgelig gjelde videre for landområdene og med det fastsette hva som gjelder for landdelen for disse områdene. Forholdet skulle med det være ivaretatt, men i de ordinære og gjeldende kommuneplanene.»</i></p> <p>Dette punktet var med å sikre felles forståing for tilhøve mellom IKP sjø og KPA i den enkelte kommune. Dette legger grunnlag for justering og revidering av føresegns slik SF ønskja.</p>

Med felles forståing vert meint:

- Tema - brygger, kaier og anlegg – fortøybare innretningar – knytt til bebygd eigedom eller formål som til dømes naust
- Vert handsama i høve til kommunen sin gjeldande plan og føresegn for KPA land – i hovudsak føremål «nr 1 Busetnad og anlegg»
- IKP sjø gjeld føremål «nr 6 – bruk og vern av sjø og vassdrag – med underføremål»

Det gir følgjande konklusjon som sikrar heilskapleg og felles forståing om arealplanane i den einskilde kommune:

- Avklart felles forståing for bruk og vern av sjø og vassdrag i eit stort område med omforent ramme
- Avklart felles forståing om handtering av tilhøve som gjeld mellom sjø og land ved komande revisjon/rullering av samla arealplan i den einskilde kommune
- Erfaringane med denne prosessen og dei føresegna som vert vedteke gir ei god og tydeleg ramme for vedtak av IKP sjø
- Erfaringane viser og behovet for tydeleg planprogram (skildra arbeidsoppgåver) – forut for seinare revisjon av IKP sjø

Endringane i føresegna vart gjennomgått i møte.

Med desse endringane i føresegna som no vert gjort og sendt over til SF skulle det ikkje vere naudsynt at føresegn vert tema i meklingsmøte mandag 25.09.23. Det som står att til meklingsmøte er:

- Hjeltevarden – Fedje
- Øksneset – Austrheim
- Totland – Masfjorden

Med bakgrunn i dette ønskja det interkommunale planutvalet å ta ein kort oppsummering av arbeidet med denne interkommunale planen for sjøareal og rammene for vidare arbeid med arealplanar i kommunane.

Arbeidet med interkommunal plan har for deltagarkommunane vore ein god og lærerik planprosess. Det er viktig for kommunane, innbyggjarane og næringa at vi får vedteke ein plan etter 3 års arbeid. Vi vil understreke at ein interkommunal arealplan for sjø med 8 kommunar på vestlandet er i ein særstilling. Det er nybrotsarbeid i Norge. Grensegang mellom sjø og land har heile tida vore eit tema i planarbeidet.

Vi har seint i prosessen hatt mykje drøftingar med statsforvaltar knytt til føresegner for småbåthamner og småbåtanlegg. Prosjektet sitt utgangspunkt er at vi vidarefører dei område knytt til småbåthamner/anlegg som ligg i godkjente planer i kommunane.

Statsforvaltar har lagt til eit plankrav knytt til tema og det har vi akseptert i denne samanheng. Kommunane er kjent med lovkravet om å gå gjennom reguleringsplanar når vi rullerer arealplanen. Prosjektet har ikkje hatt ressursar eller sendt signal om at dette skal vere ein del av prosessen i planprogrammet. Vi kan ikkje gå i gang med det i sluttfasen av arbeidet. Plangrensa for IKP sjø er trekt til omriss av reguleringsplanane som går både i sjø og land.

	<p>Vi vil understreke nokon punkt som vil ha tyding for den vidare planlegginga og planforvaltning i Nordhordlandskommunane.</p> <p>Når kommunane i neste omgang skal gå i gang med å rullere sine arealplanar på land vil det verte gjort ein gjennomgang av areal som ligg på land med overgang til sjø, som småbåtanlegg. Vi vil i den samanheng understreke att at alle kommunane utanom Alver ligg i sone 3 i Statlege planretningsliner. https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/statlige-planretningslinjer-for-differensiert-forvaltning-av-strandsonen-langs-sjoen/id2850282/</p> <p>Vi vil videre vise til Nasjonale forventingar til kommunal og regional planlegging:</p> <p>https://www.regjeringen.no/contentassets/d71a3e61e774485fb4a98cab9255e53f/nasjonale-forventingar-nn.pdf</p> <p>«Arealbruken i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag blir vurdert i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Det blir lagt til rette for ei meir differensiert forvalting av strandsona med større moglegheiter til næringsutvikling og busetjing i spreiddbygde strøk langs kysten i sone 3 i planretningslinjene for strandsona»</p> <p>Kommunane i region Nordhordland vil med bakgrunn i erfaringane med dette arbeidet sende eit tydeleg signal om at me ynskjer meir lokalt sjølvstyre og større handlingsrom i tråd med nasjonale forventingar til planlegging.</p> <p>Denne prosessen med regional plan viser at arbeidet kjem lenger med godt samarbeid og dialog undervegs for å finne tenlege løysingar. Dette er ein arbeidsform med ynskjer å halde fram med og bygge opp under og utvikle vidare. Sentrale moment er tett og tidleg dialog, gjensidig tillit, kunnskapsdeling og felles løysingar i den overordna planlegginga knytt til strandsona.</p>
Sak 28/23	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> IKPU – møte – tysdag 3. okt. kl 10.00 – 12.30 Agenda – vedta å sende den interkommunale planen for sjøareal til vedtak i kommunestyra. Arbeidsgruppa vert også invitert.

Knarvik, 22.09.2023